

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

SAK 12/24
REGULERING AV FISKET ETTER VASSILD
INNSPEL FRÅ PELAGISK FORENING
OPPDATERT ETTER HENVENDING FRÅ FISKERIDIREKTORATET

Pelagisk Forening viser til telefonsamtale, og e-post, den 25.10.24. I e-posten ber direktoratet om tilbakemelding på forslag om regulering av vassild og straumsild.

Innleiing

Direktoratet karakteriserer forslaga sine som «en radikal endring for næringen». Pelagisk Forening er einig i dette, og meiner at direktoratet sine forslag er svært inngripande. Dette talar for å gå meir varsamt fram.

Pelagisk Forening meiner difor saka ikkje bør avgjerast på eit reguleringsmøte. At næringa blir informert om slike «radikale»/inngripande forslag først ti dagar før reguleringsmøtet er sjølvstalt alt for kort varsel.

Gjeldande regulering bør vidareførast for 2025, og så kan forvaltning og næring saman koma fram til eventuell endring av reguleringane for vassild og straumsild.

Frå og med 2025 er det òg nye krav til prøvetaking av industritrålfangstar. Det er difor sannsynleg med meir presise data for om det er vassild eller straumsild som faktisk blir landa.

Som kjent har næringa bede om auka forskning, på vassild, i ei årrekke. Forskinga er òg i stor grad basert på data frå fiskerinæringa.

I ei årrekke har norske fiskarar stilt store spørsmål ved bestandsvurderingane, og meint at bestanden er vesentleg større enn kvoteråda. Kvoteauken, som følge av ein metoderevisjon, bøter berre delvis på dette.

Pelagisk Forening ser at likskapen mellom artene kan skape utfordringar i forhold til forvaltning og kontroll. Det er myndigheitene si oppgåva å kontrollera fiskeri, og slike utfordringar må løysast på andre måtar enn ved reguleringar som går ut over kvoteregulerte direktefiskeri. Pelagisk Forening kan likevel akseptera innføring av restriksjon på nivået for lovleg bifangst.

Generelt meiner Pelagisk Forening at dersom biologiske omsyn talar for å redusera fisket etter ein art må ikkje reguleringa vera slik at vern fører til fare for at andre fiskeri stoggar opp. Forslaga medfører store problem for industritrålfisket sør for Stadt.

Direktefisket etter vassild er viktig for reiarlaga som har kvote. Det er òg eit kystnært fiskeri, og kvotane blir alltid fiska raskt. Med fallande makrellkvotar blir tilleggsfiskeri sjølvstalt enno viktigare.

Dessutan er vassilda eit viktig råstoff for landindustrien. At vassilda stort sett blir fiska utanom sesongtoppane for andre pelagiske fiskeri gjer ikkje vassilda mindre viktig for landindustrien.

Å dela kvoten mellom direktefisket nord for 62°N og bifangst sør for 62°N reiser fleire kompliserte spørsmål. Spørsmål som har stor betydning for mange reiarlag.

Fiskarar opplever at bestanden av vassild/straumsild, i Nordsjøen, har auka dei siste åra. Dette er sjølvsagt positivt, men medfører og at det blir vanskelegare å unngå vesentleg innblanding ved fiske etter kolmule og øyepål.

Merknadar til direktoratet sine forslag

Direktoratet skriv at «Etter gjeldende regelverk kan fartøy med pelagisk tråltillatelse og nordsjøtråltillatelse fiske strømsild i Nordsjøen uten noen kvantumsbegrensninger. I år er fangstvolumet registrert som strømsild høyt.

Vassild i Nordsjøen, i Norskehavet og Barentshavet regnes som en bestand og det er grunn til å tro at et høyt fiskepress i Nordsjøen vil påvirke bestandssituasjonen Nord for 62. For å få ned fiskepresset i Nordsjøen, noe som er en forutsetning for å kunne holde oss innenfor kvoterådet fra ICES, Følgende grep foreslås:

1. Forskrift om regulering av fisket etter vassild blir til forskrift om regulering av fisket etter vassild og strømsild.»

Forslaget vil medføra reduksjon av vassildkvota fordi ein annan art blir rekna med i totalkvoten. Forslaget vil ha liten forståing i næringa. For at samregulering skal kunne godtakast må strømsild vera inkludert i bestandsvurderingane. Pelagisk Forening støttar ikkje forslaget.

Direktoratet skriv òg at:

2. «Totalkvoten fra ICES kommer frem av forskriften og forskriften angir også hvordan kvantumet er fordelt mellom direktefiske nord for 62N og til bifangstfisket i Nordsjøen. Det siste blir en avsetning.

For å hindre at bifangstavsetningen overfiskes, kan det gjøres flere mulige grep. 1) overfisket går inn i kvoteregnskapet som en minussaldo som skal trekkes fra totalkvoten påfølgende år, 2) Det settes forbud mot bifangst av vassild og strømsild i fisket med småmasket trål i nordsjøen når avsetningen er oppfisket 3) bifangstgrensen settes lavere dersom avsetningen nærmer seg oppfisket.»

I røynda vil direktoratet sitt forslag medføra at direktoratet vil fordela totalkvoten mellom vassildtrålarane som fiskar direkte nord for Stadt, og pelagisk trål og nordsjøtrål som har bifangst av vassild og strømsild i sitt fiske sør for Stadt.

For fiskarane, både med og utan kvote, handlar dette om å vidareføra fiskeria sine. For trålarar sør for Stad medfører forslaget at dei mistar ei viktig inntektsgrunnlag. Utøving av andre fiskeri vil òg bli vanskeleg. I ytste konsekvens kan forslaget medføra at desse båtane går glipp av andre fiskeri.

De facto vil direktoratet sitt forslag råka vassildtrålarane hardt. Dette fordi bifangstavsetninga vil kunne auka, og redusera kvoten for direkte fiske. Forslaget om å trekka eventuelt overfiske frå på komande års kvote vil forsterka dette ytterlegare.

Direktoratet foreslår at «Det settes et forbud mot direktefiske etter vassild og strømsild i Nordsjøen. Vassild og strømsild blir da kun tillatt som bifangst. Når det gjelder vassild er dette regelen pr. i dag. Problemet er at vassilden registreres som strømsild og at det er svært vanskelig å se forskjell på disse. Et regelverk som skiller mellom vassild og strømsild vil være svært vanskelig å praktisere.»

Direktoratet foreslår at bifangstregelen i vassildforskrifta § 9 blir endra til «Det er ikke tillatt å ha bifangst av vassild og strømsild ved fiske etter andre arter. Slik bifangst er likevel tillatt når den kan avregnes fartøyets vassildkvote. Fartøy som ikke har adgang til å delta i vassildfiske kan ha inntil 10 % bifangst av vassild og strømsild i vekt i de enkelte fangster og ved landing. Dette gjelder også fartøy med vassildtråltillatelse dersom maksimalkvoten er oppfisket eller direktefisket er stoppet.»

Pelagisk Forening ser at det har vore ei vesentleg auke av innmeldt straumsild i år. Fordi det er vanskeleg å skilja mellom straumsild og vassild kan det ikkje utelukkast at vesentlege deler av dette er vassild.

Pelagisk Forening kan støtta ei prøveordning, for 2025, der det blir:

- Forbud mot direktefiske etter vassild og straumsild sør for Stadt.
- Lovleg bifangstprosent for summen av vassild og straumsild blir ikkje lågare enn 35. Dette målt i vekt i enkeltfangstar og ved landing.
- Eventuell bifangst, i sør, skal ikkje koma til frådrag i kvoten til fartøy som har vassildkvote.
- I avsetning til bifangst må det leggest til grunn at minst ti prosent er straumsild.
- Gjeldande praksis for avrekning av bifangst skal vidareførast. Dvs. at det blir satt av eit kvantum til bifangst.
- Eventuell bifangst utover dette skal ikkje avreknast totalkvoten seinare år.
- Lovleg bifangstprosent skal ikkje endrast i løpet av året.

Pelagisk Forening ønsker flex på vassild, og/eller innføring av slumpfiskeordning for vassild.


Pelagisk Forening har ikkje innvending til at kvotebytteordninga blir vidareført.

Bergen: 30.10.24.

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland
Advokat



Mariann Frantsen
Dagleg leiar